

Lexhus - Lekshus (gnr. 4)

Lexhus: Gardnamn der første-leden er mannsnamnet Leikr eller i dansk oversetting Leg. Skrivemåten av namnet har vore skiftande, men Som regel slik at det var godt kjennelag.

Det er i manntalet for "Kopskatten Anno 1645" vi først finn "Lexhus" nemnt, og brukaren der heitte da Hans. Han betalte den utlikna skatten for kona si og seg sjølv med 18 skillinng i pengar. – Av den sers pålitelege kjelda "Mandtals Register" for "Kvegs skatten 1657" går det vidare fram at det da hadde vore brukarskifte, og den nye husbonden er kalla "Niels Legshus". Dessutan er det og oppgitt at krøterhaldet på garden hans var: 2 hopper, 12 naut, 4 geiter, 10 sauer og ein gris. Ikkje minst det viser at her er det så langt ifrå tale om nokon rydningsplass lenger.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysninga om gardane. Der er gardnamnet skrive "Legshuus", og brukaren heitte framleis Niels. Den samla landskyld av garden utgjorde da ei ½ hud eller 6 skinn, men landskylda kunne og svarast med 1 ½ bismarpund 4 merker smør. Niels var brukar ja, men e i g a r a r av garden var i den tid "Faaberig Kierche" som eigar av jordegods der til 20 merker smør og dessutan Faaberig Presteboel, som og var eigar av jordegods der til 20 merker smør. Brukaren Niels heitte elles med farsnamn Nils Jonsen og var da 50 år. Av andre opplysningar om garden og gardsbruket merker ein seg, at buskapen av store husdyr framleis var 2 hestar og 10 naut, og at korntienda vart utreidd med 2 tønner, som altså svara til ei årsavling på 20 tønner. Enga, innmarka på garden var "goed och Kand Forbedris" og det var "Schoug til gaards Nøtte". Derimot er det ikkje nemt noko om "Legshuus" enda hadde seter. Tjugefem år seinare var det u år 1711 Oluf Jensen som var brukar på Lekshus. Han gadde da lånt 20 rd, av Povel Alm av Ringsaker og skulle betale pengane tilbake innan 3 år. – Men i 1716 var husbonden Oluf død, og det var skifte på Lexhuus Faaberg". Ved dette skifte var elles eiga, formua i buet 127 rd., men skulda, gjelda utgjorde 141 rd. Arvingane, skulle vera, ved skiftet var forutan enka Guri Nielsdtr. dei 3 da vaksne borna i ekteskapet, nemleg Niels og Hans Olufsoner og Anne Olufsdtr. Året etter var i 1717 eldste sønen og død, og arvebuet utgjorde da brutto 65 rd. og netto 40 rd., men her var altså ikkje noko jordegods medregistrert i arvebuet.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkerframlegget av 1723. Der er det om "Lexhuus" fortalt at det var som før så Fåberg-kyrkja og Prestebolet åtte kvar sin halvpart. Vidare er det om garden oppgitt at han ligg i sollia, og at han var lettbrukt og at jordarten der var god. Lekshus hadde da fått seter, men med berre "maadelig hamn". Elles hadde garden alt da slåttar til 5 lass høy, og høyavlinga i det heile utgjorde kring 20 lass. Vidare var buskapen på garden da: 2 hestar, 12 naut, 10 sauer og 6 geiter, og de årlege utsæd av korn utgjorde ca. 3 tønner bygg og litt rug. Det går elles fram at Lekshus alt da hadde 1 husmannsplass med brukande jord.

Av år 1739 er ei sak om Fløyten engeland som her er av interesse, og som etter tingboka er referert slik:

"Fløyten engeland
1739 - 18.septb.

Torger Rindal har innstevnt Arne Legshuus, Knud Houg, Ole Jevne og Halvor Hauger til å betale ham tilbake skatten av 3 skind i engelandet Fløtten, som han har betalt for den i flere år, og til herefter selv å svare skatten.

Efter de innstevntes begjæring utsettes saken til neste ting.

1740 - 17. Febr.

Avsagt: Citanten Torger Rindal har bevist at han i 1733 kjøpte grd. Rindal av skyld 2 huder 3 skind av sin værfar. De innstevnte hevder at de lenge før kjøpte 2/5 dele av de 3 skind i engelandet Fløtten av citantens værfar Arne Rindal på den kondition at disse 2/5 dele og hans 1/5 del skulle ligge under ett nr. i hans skattebok og derav gående kontributioner utredes af ham. Ti kjennes for rett at Arne Rindals skjøte til kontracitanterne bør efterkommes således at Torger Rindal årlig betaler skatter og kontributioner av de 2/5 dele i engelandet Fløten som Arne Legshuus og Knud Houg bruker. Omk. Oppheves”.

Husbonden Arne Legshuus som er omtala i rettssaken døde i 1740, og det var da atter arveskifte på ”Lekshuus i Faaberg”.

Ved dette skiftet var ”en part av Fløyten engeland for 34 rdl.” medregistrert i buet som dermed utgjorde brutto 293 rdl. og netto 269 rdl. Arvingane ved skiftet var foruten enka Guro Poulsdtr. dei 4 borna i ekteskapet. Dei var: a. Tosten 16 år, b. Niels 14 år, c. Poul 11 år, d. Guri 22 år. Ein merker seg elles at ein her for første gong finn gardnamnet skrive L e k s h u s. – Ved eit skifte på ”Lekshuus i Vingar i Faaberg” er det elles opplyst at dottera Guri Arnesdtr. Lekshuus da var gift med Tosten Studshowde.

I mellomtida hadde vidare d e t hendt at sonen Tosten Arnesen i 1745 hadde fått auksjonsskjøte på den halvdel av Lekshuus, Lekshuus av skyld 3 skind, som prestebolet før hadde ått. Kjøpesummen for denne halvparten av garden var da 100 rd. Den andre halvpart, altså og Lekshuus av skyld 3 skinn låg framleis til Fåberg-kyrkja.

Husmannsplassen Lekshuusstuen er omhandla i ei sak av 1751. Bruket vart da bortbygsla, og bygselseddelen har etter utskrift av panteprotokollen denne ordlyden:

”Lexhuus-Stuen.

Bøxseddell dat. Og tinglest 4. Okober 1751.

Fra Tosten Arnesen Lexhuus av Fåberg prestegjeld til Hans Halvorsen på en under hans gård Lexhuus til og underliggende husmannsplads Lexhuus-Stuen kaldet beliggende i akerjordet mot årlig husleie 1 ½ rd. i årsarbeide.”

Heime ser det elles ut til at same Tosten Arnesen Lexhuus var ein hustyrant. Om dette handlar ei sak som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Lekshuus i Fåberg.

21. juni 1777

Fogden har innstevnt Tosten Arnesen Lexhuus for drukkenskap og forargelig levnet, fornemmelig i sitt hus og imot sin hustru, efter anmeldelse fra sognepresten hr. Abildgaard. Dom innført i domsprotokollen fol. 6 ½.

Avsagt: Med de førte vidner, sogneprestens attest og dels innstevntes egen tilståelse er det bevist at innstevnte Tosten Arnesen Lexhuus ofte har ført et liderlig hus med sin drukkenskap hjemme og borte, utskjeldt sin hustru og forsømt sit arbeide. Ti kjennes for rett: Tosten

Arnesen Lexhuus bør ifølge tukthusanordninger innsettes i Chr. a tukthus for så lang tid som de herrer direktører for godt befinder:”

Fem år seinare var det den 10. oktb. 1782 skifte på ”Lekshus i Fåberg” medan baa husbondsfolka Tosten Arnesen og hustru Kari Olsdtr. var i live. Frå dette skiftet tek vi vidare med denne utskrifta:

”Lekshus i Fåberg.

10. oktb. 1782

Skifte på Lexhuus hos Tosten Arnesen og hustru Kari Olsdtr. d. 4. april 1781 forsåvidt jordegodset og dets utlegg betreffer, hvor grd. Lexhuus, skyld 6 skind. er tax. for 350 rd. og utlagt til Ole Jacobsen Rindahl for 25 rd., til Faabergs kirkers regnskapsfører Christen Fliflet for 70 rd., til Halvor Jevne for 100 rd., til myndl. Marit Thomesdtr. for 40 rd. til Arne Tostensen for 11 rd. 1. 1/6., til Ole Tostensøn for 22 rd. 2 ort, for tredje søn Ole Tostensen for 22 rd. 2 ort, til Christen Tostensen for 22 rd. 2 ort, til Goro Tostensdtr. for 3 rd. 3.8., til Sidsel Tostensdtr. for 11 rd. 1.6, til Anne Tostensdtr. 11 rd. 1.6. til Marie Tostensdtr. for 9 rd. 3. 3/9.

Ein merker seg at Tosten Arnesen atter hadde tatt seg saman og ordne opp i sine saker, og at han da var vorte eigar av heile Lekshus, Lekshus av skyld 6 skinn. Ein merker seg og at det blant arvingane var to av sønene som baa heitte Ole.

Etter nye seks år fekk så den 20. desbr. 1788 eldste sonen Arne Tostensen søskenskjøte på ættegarden Lekshus av skyld 6 skinn for kjøpesum 350 rd. – Av ei sak frå 1792 går det vidare fram at dottera Marie Tostensdtr. da var gift med Ole Olsen Kirkerud.

Særs interessant er her eit skifte på ”Pl. Lexhuusstuen” den 17. febr. 1797. Husbonden der, Peder Arnesen var da død, berre 36 år gamal, og avebuet utgjorde brutto 361 rd. og netto 339 rd. Arvingane var forutan enka Sedsell Tostensdtr. (f. 1. august på Lekshus) og einaste barnet i ekteskapet: dottera Kari, som da var 1 ¼ år gamal. Vesle Kari døde elles 8 mnd. seinare og mora, enka, sat att på plassen Lekshusstuen aleine. – men den 22. novb. 1798 gifta enka Sidsell Tostensdtr. seg så oppatt med dragon Peder Olsen Nørsteli, og de fekk i sitt ektesak ei dotter som også fekk namnet Kari.

I 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 4 familiar på og/eller ved Lekshus. Dei var:

1. familie: 1. Arne Tostensen, husbonden, 38 år, 2. Marta Olsdtr. kona hans, 37 år, 3. Marit, dotter deira, 9 år, 4. Tosten, son deira, 8 år, 5. Ole, son deira 7 år, 6. Kari, dotter deira, 5 år. 7. Randi, dotter deira, 3 år, 8. Marta, dotter deira, 2 år. 9. Nils Paulsen, tenestkar, soldat, 21 år, 10. Berit Amundsdr., tenestkvinne, 21 år.

2. familie: 1. Tosten Arnesen, føderådsmann, 77 år, 2. Kari Olsdtr. , kona hans, 68 år.

3. familie: 1. Ole Jacobsen, husmann med jord, 59 år, 2. Guro Tostensdtr. kona hans, 47 år, 3. Jacob Olsen, som deira, 20 år, skomaker, 4. Christen Tostensen, ”Inderst og gaar i dagleie”, 24 år.

4. familie: 1. Peder Olsen, husmann med jord, 40 år, 2. Sedsell Tostensdtr., kona hans 45 år, 2. Kari Pedersdtr., dotter deira, 3 år, 4. Ole Tostensen, ”Inderst og National Soldat”, 32 år.

Sedsell Tostensdr. var altså ikkje den einaste av døtrene på Lekshus som hadde gifta seg med husmann. Det hadde og søstera Guro Tostensdr. gjort, da ho gifta seg med Ole Jacobsen. Men i 1817 var Guro Tostensdr. vistnok vorte enke, og husbonden Arne Tostensen gav da fødeådsbrev til søster si, husmannskona Guro Tostensdr.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Lexhuus" oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 16 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 50 tønner.

Året etter skjøte så i 1820 husbonden Arne Tostensen ættegarden Lekshus over til eldste sonen Tosten Arnesen d.y., som så i 1822 gav føderådskontrakt til faren Arne Tostensen. Samtidig gav og den nye brukaren tinglesen obligasjon til Anders Lysgaard mot lån av 500 spd.

Femten år seinare var i 1837 føderådskona, mor til husbonden, Marta Olsdr. Lekshus, død, og det var da atter skifte på "Lexhuus i Lillehammer, Faaberg.". Ved dette skiftet er arvingane, foruten enkemannen Arne Tostensen, dei 7 borna i ekteskapet. Av dei var husbonden Tosten Arnesen d.y. da 44 år, broren Christian Arnesen var 34 år, broren Ole Arnesen 42 år; søstera Marit var da gift med Jacob Diget, søstera Kari var gift med Jon Christensen, søstera Marte var gift med snekker Svend Olsen, og søstera Anne Arnesdr. var da 28 år og framleis ugift. Ved dette skifte vart dei elles samde om at "Boet ekstraderes arvingane til fri rådighet".

År 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar ort og skilling. "Lekshuus" fekk da som si nye matrikkelskyld; 6 skylddalar 1 ort 8 skilling, og det var da brørne Christian og Ole Arnessønner som hadde tatt over og var brukarar på Lekshus. – Dei brukte så garden saman til i 1853, da dei saman gav skjøte til Christian Iversen Hundskjold for kjøpesum 2000 spd. + føderåd etter kontrakt. Samtidig gav elles kjøparen Christian Hundskjold tinglyst panteobligasjon på 1200 spd. til brørne Ole og Christian mot pant i Lekshus. Dette var året før den store utskiftinga av Fåberg vestfjell i 1854.

Husmannsplassane under Lekshus er atter omhandla i 1856 og 1858. Eigaren av garden Christian Iversen (Hundskjold) gav såleis i 1856 husmannskontrakt til Amund Pedersen og kona "om Brug og Beboelse af Pladsen Sveen" og to år seinare gav han og husmannskontrakt til Johan Rasmussen "paa Pladsen Lexhuusbjerget". Samtidig fekk og Halvor Eriksen og hustru husmannskontrakt "paa ett stykke Jord til Brug og Bebyggelse".

Christian Iversen Hundskjold brukte så Lekshus til i 1884, da han skjøta grd. Lekshus med ein del inventar over til C.M. Øvergaard for kjøpesum tilsm. 2 700 spd. Av same dato er og ein obligasjon frå C.M. Øvergaard til seljaren Christian Iversen Hundskjold på sum 1 636 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om garden "Lexhus" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 281 mål, og av dette var 130 mål jord av 1. klasse.

Av to år seinare er ein "Executionsforretning hos C.M. Øvergaard i Cont. af den før avholdte Forretning for Creditbanken, hvorved den er givet Tillag i Avlingen af alle Slags af Gaardene Jevne og Lexhuus, vedsatt til 700 Spd, for Beregningssum 12 014 Spd, 51 s."

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Lekshus fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 4 av samla skyld 16,60 mark, og det var da 3 bruksnummer under grn. 4 Lekshus. Dei var: a. Grn. 4 brn. 1 og 2 "L e k s h u s" m/Skog som Sivert Arnesen Røberg da var eigar eller brukar av, b. grn. 4 brn. 3 Skog, sakførar Hoff og Kr. Hilstad var eigarar eller brukarar av. Ein merker seg elles at skrivemåten av gardnamnet endeleg var vorte Lekshus også i matrikkelen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at grn. 1 brn. 1 Lekshus av skyld 11,99 mark var overtatt av P.A. Owren, som og hadde fått skjøte på grn. 1 brn. 2 Skog av skyld 0,77 mark. Grn. 4 brn. 3 Skog av skyld 3,84 mark var derimot overtatt av A/S Hunton Bruk. Vidare merker ein seg at ved kommunevalet i 1907 budde det etter dette 8 personar med røysterett på og/eller ved garden Lekshus. Dei var: 1. lærar B.A. Owren, 65 år, 2. husmor Pauline Owren, kona hans, 62 år, 3. gardbrukar Per Aslak Owren, 30 år, 4. husmor Anna Owren, kona hans, 34 år, 5. husmann Kristian Matiassen Kalløkken, husmann, 35 år, 6. arbeidar Ole Matiassen Gutubakken, Stenberget, 7. husmor Agnete Andreasdr., kona hans, 32 år, 8. arbeidar Gustav Matiassen Gutubakken, Gutubakken, 25 ½ år. Ein minnest om at dette var enda i den tid røysterettsalderen var 25 år.

Lærer Bernt A. Owren, f. 1841 som var gift med Pauline Pedersdr. Hoff f. 1844, var lærar i Vingrom i ein mannsalder og budde med si familie i fleire år i Døsen. Borna i ekteskapet var: 1. Solveig f. 1870, 2. Kristine f. 1872, 3. Peder Aslak f. 1876, 4. Bjørn f. 1881, 5. Martin f. 1884. Av dei var såleis dei 4 eldste fødde i Døsen, og Martin var fødd i lærerbustaden Frydenlund i Vingrom. Lærer B.A. Owren, som han skreiv seg, var ein stor og staut mann med langt ruvande heilskjegg. Han var mye med i det kommunale og politiske liv og var i ei årrekke ein av venstres representantar i kommunestyret.

Sonen P.A. Owren f. 1876, som i 1907 hadde tatt over som gardbrukar på Lekshus, var og mye med i det kommunale og politiske liv. Han var såleis i 4 periodar ordførar i Fåberg og møtte og som varamann for sorenskrivar, Joh. Castberg fleire gonger på Stortinget. – Peder Aslak Owren var gift med Anna Johannesdr. Nermo, Øyer, og dei hadde i sitt ekteskap 6 born. Dei var: a. Bjørnar f. 1902, nåværande eigar og brukar av Lekshus, b. Liv f. 1903, tannlækjar og husmor, nå på Toten. c. Johannes f. 1904, død 1922, d. Paul f. 1905, nå dr.med., professor i Oslo, e. Kaare f. 1907, død 1928, f. Trygve f. 1912, nå medlem av Lillehammer kommunestyre, stortingsmann for høire.

Frå nyare tid tek vi elles med at dotter til lærer B.A. Owren; Kristine Owren, Lekshus, f. 1872 vart gift med Halvor Jevne på Moen og var der ei sers dugande husmor for mann og born i ein eksemplarisk heim.

Alfhild Owren, Lekshus, f. 1874, utdana seg som lærarinne, og vart gift med lærar Karl Tvete, Sparbu. Borna i ekteskapet er: a. Kåre Tvete, gardbrukar i Sør-Fron, b. Bård Tvete, prest i Nord-Norge, c. Paul Tvete, overrettsakførar, Vingrom, d. Arvid Tvete, hotelvert på Venabu, Ringeby.

Bjørn Owren, Lekshus, utdana seg som landbrukskandidat og var i ei årrekke lærar og skulestyrar ved Oppland Landbruksskole, Fåberg. Skulestyrar Bjørn Owren var gift med Sigrid Tomasdr. Rindal.

Martin B. Owren f. 1884 utvandra til Amerika.

Tilslutt tek vi her med desse opplysningane som den nåværande eigar av garden B j ø r n e r O w r e n har gitt om ættegarden L e k s h u s:

”1. Den dyrkede jord er samlet 186 dekar. Ingen hamnehage. Seterlykkja 24 dekar. Skog 828 dekar hvorav 577 dekar produktiv/granskog.

2. Av fiskeretter kjennes ikke andre enn i Mjøsa. Her var det fisket lågåsild med not, årlig, inntil dette fisket minket bort etter Mjøsreguleringen. Etter notater fra 1908 og utover varierte dette fisket fra noen hundre opptil flere tusen kilo i de forskjellige år. Etter Mjøsreg. blev silda etter hvert borte slik at fisket tok helt slutt i 30-årene. Fra 1890 årene og fram til omkr. 1910 blev det årlig hver vår fisket aure med reiv og krøkle til agn. Reivene blev agnet og satt ut om kvelden, og vækja ved 4-5 tida om morgnen. Fangsten kunne variere fra noen få kilo opptil over 20 kilo på en vækjaing. Auren ble solgt til d/s Skibladner og Kong Oskar. Størrelsen på fisken var fra 2-3 kg. til 6-7 kg. En gang blev det tatt en på 9 kg. Prisen var kr. 1,80 pr. kg. Det blev aldri spist aure hjemme.

3. Sakf. Hilstad og Hoff kjøpte Lekshus og Jevne av C.M. Øvergaard 1874 for 14 500 spd. og solgte Lekshus til Anders Movangen 1876 for 4 500 spd. Skogen blev skyldsatt ifra 1874. Grunnen til fradelingen? – spekulasjon?

4. Eiendommen går ned til Mjøsa som ligger på 124 m.o.h. Husene ligger på ca. 160 m.o.h.

5. Våningshus og uthus brann i julen 1892. Stod igjen en liten bygning som er innbygd i den nye hovedbygning. Ellers stod igjen et stabbur, bryggerhus og en låve. Hovedbygningen var assurert for kr. 1 200,-. Det tok 6 år å bygge opp uthusene. Hovedbygningen blev noenlunde ferdig først i 1902. Uthuset brann 1934. Assurert for kr. 26 000,-. Nytt uthus bygd i 1934 og 35. Kostet kr. 50.000,-- Ingen hus av kulturhistorisk verd.

6. Av innventar finnes et skatoll etter Sessel Døsen f. 1760 eller Sønnøv Døsen (1811-1835), 1 skatoll etter Amund Ringsrud, Snertingsdal, tippoldefar til Karen Owren. 1 stort skåp (framskåp) skal ha tilhørt P.A. Owrens oldefar, snekret av to søstre?, 1 ferdaskrin 1740, to gml. kister, et bord og to stoler er meget gamle, kommet hit fra N. Bjørnstad, Birstrand.”